

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 22.11.2015
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 26.10.15 - 22.11.15**

ARKIVSAK: 2015/1426
STYRESAK: 112/15

STYREMØTE: 10.12. 2015

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 26.10.15 - 22.11.15

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Endringar i lov om pasient- og brukarrettar.	30.10.15	Ein rekke endringar i lov om pasient- og brukarrettar trer i kraft frå 1. november 2015. Dette gjeld mellom anna rett til vurdering innan 10 dagar, alle pasientar med rett til helsehjelp skal bli gitt ein bindande frist for når helsehjelpa skal starte og ei styrking av rettane ved fristbrot. Samstundes trer ny føresegn om fritt behandlingsval i kraft, jf. § 2-4 i lova.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 26.10.15 - 22.11.15

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om private verksemdar sin adgang til å yte spesialisthelsetenester mot betaling frå staten.	30.10.15	Forskrifta gjeld vilkåra for å gi private verksemdar rett til å yte helsehjelp mot betaling frå staten og for å kunne trekke godkjenning tilbake. Den gjeld også kva helsetenester godkjente verksemdar kan yte og til kva pris. Det er naudsynt med godkjenning frå HELFO før private verksemdar kan tilby og yte helsehjelp mot betaling frå staten. Forskrifta tok til å gjelde frå 1. november 2015.

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 26.10.15 - 22.11.15

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Ingen nye saker i perioden.		